

Lengt

T: Sigrun Okkenhaug (sang-tilpasset tekst ved JLO)

M: Johan L. Okkenhaug

C Dm Em Bb/F -/G(+C) C -/H

Kun - de eg fly - ga som fug - len, kun - de eg fly - ga som den,

5 Am Em/G Fmaj7 C/E Fm Gsus4 G7 C

flaug eg i de - e - nne stun - da til deg, du min eig - en ven.

- 2) Hadde eg berre vengjer -
bar dei meg vel langan veg.
Då kom eg kvar lita kveldsstund
og kvitra so vent for deg.
- 3) Eg lengtar kvar tid på dagen,
eg lengtar ved solarglad.
Vegen, den fann eg vel gjerne
om berre du meg bad.
- 4) Men skogen, den ligg imillom
engjer og grønne li.
Endå so fann eg vel vegen
og endå so vart eg di.
- 5) No sender eg bod med vinden
og kvar ein solstråle fin:
Eg elsker deg, elsker deg kjære,
eg lengtar til guten min!